

OPSANGERNESET

Landskaps- og naturanalyse



Desember 2003



KOMPETANSESENTER FOR AREALPLANLEGGING OG SAMFERDSEL

OPSANGER.

Landskaps- og naturanalyse for delar av Opsangervågen og Opsangerneset

Oppdragsgivar: Kvinnherad kommune
Oppdragsgivars representant: Tormod Fossheim

Kompas AS prosjektleiar: Guro Steine
Kompas AS medarbeidarar: Teresa Fersum
Tone Johannessen

Kompas prosjekt nummer 5197
Dokument nummer 01
Arkiv fil 5197 rapport 01.doc

Rev. nr. 01. 19. desember 2003
Dato 9. desember 2003
Rapport tal sider 16
Vedlegg tal sider 5
Utarbeidd GuS / TF
Kontrollert TF
Godkjent GuS

Signert rapport original finst i arkivet til Kompas AS

FØREORD

Landskaps- og naturanalyse for delar av Opsangervågen og Opsangerneset er utarbeidd på oppdrag av Kvinnherad kommune.

Bakgrunnen er gjeldande kommunedelplan for Husnes-området, vedteken i februar 2003. I kommunedelplanen er det avsett areal til utviding av eksisterande næringsområde ved Opsanger. Kommunedelplanen stiller krav om at det skal utarbeidast ein landskaps- og naturanalyse for Opsangerneset som grunnlag for regulering av næringsområdet.

Landskapsanalysen er utarbeidd av Kompas AS. Følgjande personar har delteke i arbeidet med analyse og rapport:

- *Guro Steine, landskapsarkitekt MNLA*
- *Teresa Fersum, sivilarkitekt*
- *Tone Johannessen, DAK-operatør*

Oppdragsgjevar i Kvinnherad kommune har vore Tormod Fossheim.

KARTVEDLEGG (sist i rapporten)

- 01 Høgdelagskart
- 02 Landskaps- og terrengformer
- 03 Vegetasjonsstruktur
- 04 Landskapselement med særleg visuell verdi
- 05 Arealbruk

INNHALD

FØREORD	2
INNHALD	2
1. BAKGRUNN OG FØREMÅL	3
2. LANDSKAPSANALYSE	4
2.1 <i>Landskapsregion / underregion</i>	4
2.2 <i>Landskap og terrengformer</i>	5
2.3 <i>Arealbruk</i>	8
2.4 <i>Kulturmiljø og kulturminne</i>	9
2.5 <i>Vegetasjons- og naturstruktur</i>	10
2.6 <i>Friluftsliv og rekreasjon</i>	11
3. OPPSUMMERING. FØRINGAR	12
KJELDER	15

FIGURAR

Figur 1: Landskapsunderregion 21.8 Halsnøy.....	4
Figur 2: Opsangerneset. Strandområdet som er aktuelt for utfylling midt på biletet.....	4
Figur 3: Opsangervågen er eit klart definert landskapsrom.....	5
Figur 4: Opsangervågen er "golvet" i landskapsrommet.	5
Figur 5: Frå ferjekaien.	5
Figur 6: Landskapsrom og retningar	6
Figur 7: Opsangerneset.....	6
Figur 8: Sett frå bustadfeltet på motsett side av vågen er ferjekaien ei stor og dominerande flate.....	7
Figur 9: Siktlinja inn vågen er viktig for møtet med Sunde og Opsanger sett frå sjøen.....	7
Figur 10: Naust og kaiar dominerer i dag arealbruken ved vågen utover Sundsvegen..	8
Figur 11: Eksisterande næringsområde dominerer arealbruken i indre del av Opsangervågen.....	8
Figur 12: Oppstillingsplassen på Sunde ferjekai.	8
Figur 13: Landbruksareala mellom Opsangervatnet og Opsangervågen	10
Figur 14: Planteskogen dominerer Opsangerneset.	10
Figur 15: Stranda vest for Sunde ferjekai.	10
Figur 16: Areal avsett til næringsområde i kommunedelplan for Husnes-området.	12
Figur 17: Alternativ utviding av næringsområde	13
Figur 18: Alternativ utviding av næringsområde	13
Figur 19: Alternativ fyllingsutforming	14
Figur 20: Alternativ fyllingsutforming	14
Figur 21: Alternativ fyllingsutforming	14

1. BAKGRUNN OG FØREMÅL

Bakgrunnen for landskaps- og naturanalysen er gjeldande kommunedelplan for Husnes-området, vedteken i februar 2003. I denne planen er delar av Opsangerneset avsett til næringsareal som inneber utfylling i strandsona.

Natur- og landskapsanalysen skal leggest til grunn for utarbeiding av reguleringsplan for næringsarealet. Føremålet med reguleringsplanen er todelt:

- 1) Planen skal regulere attraktivt areal for sjørelaterte næringar.
- 2) Planen skal legge til rette for å nytte overskotsmassar frå Halsnøysambandet, dvs. fylling i sjø.

Reguleringsplanen skal, i tillegg til utfylling for nytt næringsareal, omfatte eksisterande næringsareal inst i Opsangervågen. Planen skal også omfatte Sunde ferje- og snøggbåtkai. Ved gjennomføring av Halsnøysambandet kjem ferjekaien til å verte nedlagt. Snøggbåtkaien vil verte liggjande. Det vil såleis også i framtida vere trong for både parkeringsplassar og venteskur. Det føreligg ikkje reguleringsplan for området i dag.

Analyseområdet er definert i kommunedelplanen og omfattar i hovudsak sjølve Opsangerneset. I tillegg er det sett noko overordna på landskapsrommet kring Opsangervågen. Ideelt sett burde heile området kring vågen og tettstaden Sunde vore handsama i ein og same landskaps- og tettstadsanalyse, som kunne sett framtidig utvikling i Sunde i ein større samanheng. Kommunen har då også planar om å gjennomføre ein tettstadsanalyse for Sunde.

Føremålet med denne landskapsanalysen er å gje større kjennskap til kvalitetar og potensiale i analyseområdet. Vidare er det drøfta korleis ei eventuell utfylling i Opsangervågen og utviding av Opsanger næringsområde kan gjerast med mest mogleg omsyn til landskaps- og naturkvalitetane i planområdet.

2. LANDSKAPSANALYSE

2.1 Landskapsregion / underregion

Størstedelen av Kvinnherad kommune tilhører landskapsregion 21, *Ytre fjordbygder på Vestlandet* i nasjonalt "Referansesystem for landskap" (NIJOS 1998). Regionen strekker seg langs kysten fra Ryfylke til Romsdalsfjorden, og er av NIJOS skildra som eit kystnært og sterkt forgreina fjordlandskap, med store sjøflater og mange små og store øyar. Relieffet er relativt lågt, og opnar seg mot eit strandflatelandskap med låg horisont i vest. Landskapet kan karakteriserast som "mildt", med harmoniske jordbruksbygder, mindre byar, tettstader, og industistader. Landskapet har lite dramatisk og kontrastar samanlikna med dei indre fjordstrøka, der fjella vert høgare og fossefalla meir iaugefallande.

Opsanger ved tettstaden Sunde ligg sørvest i kommunen, sør for Husnes og Opsangervatnet. Halsnøy er næraste nabo i sør, og dei store øyane Stord og Tysnes ligg mot vest og nordvest. Fjordlandskapet som omgir desse øyane tilhører det NIJOS kallar landskapsunderregion 21.8 Halsnøy. Underregionen er karakterisert som eit ope øy- og fjordlandskap der fjordar i mange himmelretingar møtest. Relieffet er lågt, 2-500 moh, men terrenget er likevel kupert med bratte former. Mildt klima, høg sommartemperatur og lett og godt drenert jordsmonn gjev artsrik flora med stort innslag av edellauvtre som ask, alm, lind, eik og svartor. Kulturlandskapet er velhalde, med fine jordbruksbygder. Fjordlandskapet dominerer, og underregionen har lite større ferskvatn og elvar. Landskapet kring Opsangervatnet er for eksempel utypisk for regionen, og får særleg verdi.

NIJOS har gjort ei samla evaluering av landskapsverdi i underregionen Halsnøy i høve til landskapsregionen totalt sett. NIJOS karakteriserer Halsnøy-regionen som representativ for landskapstypen i regionen, men med noko større variasjon i landskap og vegetasjon enn elles i regionen. I nasjonalt referansesystem er landskapet i Halsnøy-regionen gjeve middels til stor verdi, landskapsklasse B1 / A2. (NIJOS-rapport 8/2000).



Figur 1: Landskapsunderregion 21.8 Halsnøy. (frå NIJOS-rapport 8/2000).



Figur 2: Opsangerneset. Strandområdet som er aktuelt for utfylling midt på biletet.

2.2 Landskap og terrengformer

Det overordna landskapsrommet er det opne øy og fjordlandskapet kring Halsnøy. Rommet er avgrensa av det høge og markerte fjellandskapet i aust, og dei lågare fjellpartia i sør og på øyane Stord og Tysnes mot vest/nordvest. Planområdet ligg vendt ut mot dette overordna fjordlandskapet, med det høge fjellandskapet i aust ”i ryggen”.

Strandlinja kring Opsangervågen er variert med små holmar, vikar og vågar. Landskapet er småkupert og kystprega, med låge, avrunda og vegetasjonskledde åsar. Variasjonen i strandlinja og terrengformer gir eit småskalalandskap inndelt i mange mindre landskapsrom. Fjorden, sunda og vågen er ”golvet” i landskapsromma, samstundes som dei dannar hovudretningane i landskapet og opnar for utsyn.

Opsangervågen dannar eit underordna, smalt og langstrakt landskapsrom i aust – vest retning. Rommet er klart definert av dei omkringliggande åssidene, Opsangerneset, Torsøya og Bjellandsøya. Relieffet er lågt, høgaste punkt på Opsangerneset er 74 m.o.h. Kartet ”Høgdelag” i vedleggsdelen tydeleggjer terrengformene kring vågen.

Vågen opnar seg mot fjorden i vest. Mot aust og Opsangervatnet ser ein eit høgare og meir markert fjellandskap. Ein ser ikkje vatnet frå vågen. Mellom Opsangervatnet og Opsangervågen er høgdeskilnaden liten, og låge terrengformer med vegetasjon skil dei to landskapsromma frå kvarandre.

Vågen er på sitt smalaste ved Sunde ferjekai, og vert der visuelt og romleg delt i ein indre og ein ytre del. Indre del er eit meir lukka rom, som ein poll, medan ytre del vender seg meir ut mot fjorden. Overgangen mellom det indre og det ytre landskapsrommet er eit viktig visuelt knutepunkt som er eksponert mot både den indre og den ytre delen av vågen. Tiltak i dette området vil vere synlege frå alle delar av Opsangervågen og vil kunne påverke landskapskarakteren i både overordna og underordna rom.




Figur 3: Opsangervågen er eit klart definert landskapsrom avgrensa av låge, vegetasjonskledde åsar.



Figur 4: Opsangervågen er ”golvet” i landskapsrommet.



Figur 5: Frå ferjekaien. Frå lågtliggjande område er det ikkje visuell kontakt mellom Opsangervågen og Opsangervatnet.



Figur 6: Landskapsrom og retninger



Figur 7: Opsangerneset dannar ein viktig romavgrensande, grøn silhuett på sørsida av vågen.

Åskammene dannar markerte kantar og synsrand, eller silhuettar, mot himmelen. Synsrendene er eksponert mot omgjevnadene sett frå fleire standpunkt og kan vere særleg sårbar for inngrep. Den lange, skogkledde åskammen langs toppen av Opsangerneset er særleg sårbar, fordi den er romdannande og eksponert mot både Opsangervågen og Høylandssundet. Tiltak som endrar silhuetten til Opsangerneset vil såleis ha fjernverknad ut over planområdet.

Strandlinja kring vågen dannar overgangen mellom golvet og veggane i landskapsrommet. Den korte avstanden over vågen gjer at heile strandlinja kring vågen er godt synleg frå begge sider. Strandsona er særleg visuelt sårbar for inngrep og endringar, på grunn av at den er så eksponert. Tiltak i strandsona vil såleis kunne endre landskapskarakteren i eit område sterkt. Stranda vest for Sunde ferjekai har ei særprega bogeform som er med på å definere landskapsrommet i ytre del av Opsangervågen, og vil vere særleg sårbar for inngrep.

Dei største flatene kring vågen er utfylte areal i strandsona. Dette gjeld næringsareala inst i vågen og ferjekaien. Flata inst i vågen ligg i forlenging av ei naturleg strandflate og ligg skjerna i eit nokså lukka landskapsrom. Flata og næringsbygga verkar derfor ikkje dominerande utover dette lokale landskapsrommet.

I småskalalandskapet bryt den store, opne ferjekaien meir med resten av landskapet, fordi den ligg eksponert til i overgangen mellom den indre og den ytre delen av vågen. Flata er særleg synleg frå bustadfeltet litt opp i lia på andre sida av vågen. Sett frå sjøen og lågtliggende område er ferjekaien ikkje like dominerande.

Siktlinjer i landskapet opprettheld visuell kontakt eller utsyn. Den viktigaste siktlinja i analyseområdet er sikten inn og ut av vågen. Denne linja har stor tyding for møtet med Sunde når ein kjem med båt. Viktige utsiktspunkt ved sjøen ligg der ein har særleg godt utsyn til andre sida av vågen, ut mot fjorden eller innover mot Opsangervatnet.

Kartet "Landskaps- og terrengformer" syner viktige karaktersetande landskapsformer i analyseområdet.

Føringar:

- Hovudformene på landskapsromma bør takast vare på. Romavgrensande terrengformer bør ikkje brytast.
- Eksponerte høgder og kantar bør ikkje byggast ned.
- Åskammen utover Opsangerneset bør ikkje brytast.
- Ein bør unngå skjemmaende inngrep i særleg eksponerte område i strandsona.
- Stranda vest for Sunde ferjekai er ei særprega terrengform som er særleg sårbar for inngrep.
- Ein bør unngå nye store, eksponerte flater som bryt med det småkuperte landskapet.
- Det bør takast omsyn til siktlinjer og utsiktspunkt.



Figur 8: Sett frå bustadfeltet på motsett side av vågen er ferjekaien ei stor og dominerande flate.



Figur 9: Siktlinja inn vågen er viktig for møtet med Sunde og Opsanger sett frå sjøen.

2.3 Arealbruk

Kartet "Arealbruk" i vedleggsdelen syner arealbruken kring Opsangervågen i dag.


På nordsida av vågen ligg tettstaden Sunde. Veggen ligg langs stranda utetter vågen, med bustadar hovudsakleg på oppsida av veggen og naust på nedsida av Sundsvegen. Store hagar og skogklede knausar gjer saman med mindre jordbruksareal at bustadområda ovanfor veggen står fram som grøne og frodige. Områda vender seg i hovudsak utover vågen og mot Opsangerneset. I denne analysen er det ikkje gjort nærare vurderingar av bygningsmiljø og byggestruktur i Sunde.

Inst i vågen er sjøfronten dominert av eksisterande næringsområde med næringsbygg og kaiar. Næringsområdet strekker seg over begge sider av Opsangerelva. Næringsområdet står fram som noko uryddig og tek store areal ved vågen, men ligg lågt i terrenget (0 – 6 m.o.h.) og derfor relativt godt skjerma. I bakkant av næringsareala ligg jordbruksareal som buffer mot riksvegen. Ein del av arealet, inklusive eit bustadhus på gbnr 154/3, er i kommunedelplanen avsett til næringsareal. Høgdeskilnadene i terrenget og vegetasjonen gjer at næringsområdet er lite synleg frå Opsangervatnet og riksvegen, og derfor ikkje påverkar det grøne landskapsrommet kring vatnet.

På sørsida av Opsangervågen ligg Opsangerneset. Neset framstår som grønt og skogkledd, med unntak av Sunde ferjekai og snøggåttstopp som ligg der vågen er på sitt smalaste. Bortsett frå eit venteskur er området lite tilrettelagt for opphald. Her er også kai for ambulansbåt. Rv 488 går heilt fram til ferjekaien. Ferjekaien ligg eit stykke frå resten av dei bebygde areala, skilt frå næringsområdet lenger inne av tett skog på Grønaneset. Området ligg nordvendt og har til dels dårlege soltilhøve.

Med bakgrunn i karakteristikken ovanfor kan ein dele areala kring Opsangervågen inn i tre heilskaplege delområde med ulike karakteristiske trekk i landskap og vegetasjon, byggestruktur og arealbruk:

- Tettstadmiljøet Sunde
- Næringsområdet i indre del av vågen
- Det skogklede Opsangerneset.



Figur 10: Naust og kaiar dominerer i dag arealbruken ved vågen utover Sundsvegen.



Figur 11: Eksisterande næringsområde dominerer arealbruken i indre del av Opsangervågen.



Figur 12: Oppstillingsplassen på Sunde ferjekai.

Vegstruktur og tilkomst

Kartet "Arealbruk og vegstruktur" syner vegsystemet i analyseområdet. Rv 544 fører frå krysset med Rv 48 ved Porsvikskaret, Riksvegen går på begge sider av vågen og er hovudveg til både tettstaden og Sunde ferjekai. Hovudvegen frå Husnes er Fv 44 langs vestsida av Opsangervatnet. Dersom Halsnøysambandet vert realisert, vil den undersjøiske tunnelen knytte seg til vegsystemet her. Andre vegar i planområdet er kommunale eller private vegar.

Vegane ligg i hovudsak godt i landskapet og følgjer terreng og landskapsformer. På Sundesida er Rv 544 Sundsvegen smal, utan midtstripe og svingete. Busetnaden ligg tett inntil og har for ein stor del tilkomst frå direkte avkøyrslar frå riksvegen. Avkøyrslar frå eksisterande næringsareal (Solheim glas) på nordsida av Opsangerelva er bratt og noko uoversiktleg. Det er til dels dårleg oversikt på strekninga.

Ut mot ferjekaien er riksvegen nyare og vegstandarden høgare, med full to felts breidde og færre avkøyrslar. Det er ikkje fortau eller gang- og sykkelveg på strekninga. Hovudtilkomsten til Opsanger næringsområde er avkøyrsla i sør, på veg ut mot ferjekaien. Det er også mogleg å køyre av frå Rv 544 Sundsvegen aust for næringsområdet. Denne avkøyrsla er felles med tilkomstveg til eigedomane gbnr 154/2 og 154/3.

Føringar:

Ein bør byggje vidare på og forsterke områdekarakteren i dei tre delområda:

- Næringsområdet kan med fordel konsentrerast til indre del av vågen, og bør ligge lågt i terrenget for å vere mest mogleg skjerma.
- Næringsområdet bør ikkje utvidast mot aust utover det som kommunedelplanen viser.
- Opsangerneset sin grønne karakter bør takast vare på ved å la visuelt viktig vegetasjon stå.

2.4 Kulturmiljø og kulturminne

Det er ikkje registrert kulturmiljø eller kulturminne av særleg verdi i eller i nærleiken av planområdet på Opsanger. Tettstaden Sunde er ikkje med i denne vurderinga. Kvinnherad kommune har planar om å gjennomføre tettstadsanalyse for Sunde som vil omfatte kulturhistoriske tema.

2.5 Vegetasjons- og naturstruktur

Kartet "Vegetasjonsstruktur" syner dei ulike vegetasjonstypene i analyseområdet. Grunnlagsinformasjonen er henta frå digitalt markslagskart.

På nordsida av Opsangervågen dominerer bustadområda med store og velhaldne hagar. I mellom ligg skogkledd, bratte skrentar og knausar. Både skogsområde og hagar har mindre innslag av edellauvskogsartar. Desse grønne knausane er markante landskapselement som er visuelt og estetisk viktige for opplevinga av landskapet. Den sørvende lia står fram som eit grønt og frodig bustadområde.

I bakkant av eksisterande næringsområde inst i vågen ligg større, samanhengande jordbruksareal med grasproduksjon. Langs Opsangerelva og kring tun og knausar finst randsoner kledd med lauvskog. Randvegetasjonen er fint utforma overgangssoner med stor visuell / estetisk verdi i området, men det er ikkje registrert særlege biologiske verdiar knytte til området. Desse jordbruksareala aust for vågen har, i tillegg til næringsfunksjonen, særleg verdi som grøn buffersoner mellom næringsområda og landskapsrommet kring Opsangervatnet.

Opsangerneset står visuelt fram som grønt og "naturprega". Det meste av neset er likevel kulturmark, kledd med tett planteskog med gran i ulike aldrar heilt ned til strandsona. I granskogen finst mindre innslag av meir trivielle lauvtreartar som bjørk og selje. Unntaket er den lange og steinete, halvmåneforma stranda som strekker seg frå ferjekaien og nesten heilt ut til ytste del av neset. I bakkant av stranda står ei enkel rekke med store, gamle og flotte tre av edellauvskogsarten svartor (*Alnus glutinosa*). Det finst også enkelttre av svartor på Grønaneset mellom ferjekaien og næringsområdet lenger inne i vågen.

Også den sørvende sida av Opsangerneset er dominert av planteskog av gran. Terrenget ut mot Høylandssundet er noko meir skrint og grunnlendt enn mot Opsangervågen, med mykje bart fjell ned mot sjøen.



Figur 13: Landbruksareala mellom Opsangervatnet og Opsangervågen har verdi som grøn buffer mot næringsområdet.



Figur 14: Planteskogen dominerer Opsangerneset.



Figur 15: Stranda vest for Sunde ferjekai. Ei enkelt rekke med flotte, store svartorar står i bakkant av den steinete stranda.

Biologisk mangfald

Svartorførekosten er interessant fordi naturtypen svartor - strandskog er rekna som ein sjeldan og viktig naturtype med potensiale for stor artsrikdom. Naturtypen finst ved havstrender, næringsrike innsjøar og i bekkedalar i lågareliggande strøk langs kysten av Noreg så langt nord som til Nordfjord.

Kvinnherad kommune har gjennomført registreringar av biologisk mangfald.

Registreringane i felt vart utført av botanikar Bjørn Moe. Det vart ikkje registrert spesielt interessante område med omsyn til biologisk mangfald i eller i nærleiken av analyseområdet.

Svartorførekosten ved Sunde ferjekai er ei enkel trekke der kulturskogen med gran tek over like innanfor stranda. I biologisk samanheng er heile Opsangerneset vurdert til å vere øydelagt av granplanting. Stranda vest for ferjekaien og svartorrekka har såleis først og fremst visuell og estetisk verdi.

Strandsona. Ureining

Strandsona kring Opsangervågen er for ein stor del utfylt. Kartet "Naturelement med særleg verdi" syner fordelinga av utfylt og naturleg strand i analyseområdet. Den utfylte strandsona er bygd att, bortsett frå to mindre areal viste i kartet. Det meste av den naturlege strandsona er meir eller mindre bratte svaberg med granskog like inntil. Den lange steinstranda vest for ferjekaien er slik utypisk og har ei fin utforming med dei store oretrea i bakkant.

Sjøbotnen i indre del av vågen (innanfor terskelen ved ferjekaien) er prega av dei næringane som har halde til der. Mellom anna har sagbruksverksemd ført til mykje organisk materiale på botnen. Tidlegare forsøk på vidare utfylling er stoppa på grunn av ureiningsituasjonen og geotekniske tilhøve. Det er ved tidlegare høve utført geotekniske undersøkingar som skal føreligge i ein eigen rapport frå Noteby.

Føringar:

- Vegetasjonen i bratte skrentar og på høgdedrag er visuelt viktige og bør ikkje byggast ned.
- Likeeins bør randvegetasjon langs elv og dyrka mark takast vare på.

- Næringsområdet bør ikkje utvidast inn i den grøne buffersona (jordbruksareala) i aust utover det som er vist i gjeldande kommunedelplan.
- Stranda med svartorbeltet har stor visuell og landskapsestetisk verdi.
- Grunntilhøva i indre del av vågen kan hindre utfyllingar innanfor terskelen ved ferjekaien.

2.6 Friluftsliv og rekreasjon

Det er ikkje tilrettelagt for aktiv fritidsbruk av Opsangerneset og strandsona rundt neset. Strandsona er til dels bratt og vanskeleg tilgjengeleg. Stranda vest for Sunde ferjekai er lite framkomeleg, både fordi den er steinete og glatt, og fordi tett vegetasjon i bakkant gjer det vanskeleg å ta seg fram.

Planteskogen på sjølve neset er til dels tettvaksen og vanskeleg tilgjengeleg. Det går skogsvegar og stiar ut over neset som i nokon grad vert brukt til mindre turar. Området har kvalitetar som kan vere eit utgangspunkt for betre tilrettelegging for turar i skogsmarka og i strandsona.

Fordi det ikkje er lagt opp til busetnad eller andre tettstadsfunksjonar på sjølve neset i kommunale planar, er andre nærområde i Sunde betre eigna til næraktivitet og lek. For litt lengre turar er områda kring Kaldestadåsen godt tilgjengelege og eigna.

Opsangerneset er med på å danne ei grøn ramme kring vågen som er ein del av opplevingskvalitetane i analyseområdet. Desse visuelle kvalitetane vert særleg opplevd frå nordsida av vågen og frå sjøen.

Føringar:

- Opplevingsverdien i landskapet bør takast vare på. Opsangerneset sine grøne kvalitetar bør ikkje byggast ned.

3. Oppsummering. Føringer

Sjølve føremålet med natur- og landskapsanalysen for Opsangerneset er at analysen skal leggest til grunn for utarbeiding av reguleringsplan for eksisterande næringsområde og ei utviding av området gjennom utfylling i sjø.

Analysen viser at det aktuelle planområdet ikkje har særlege naturverdiar eller område med særleg verdi for biologisk mangfald som det må takast omsyn til.

Stranda vest for Sunde ferjekai har ei særprega terrengform som er med på definer det ytre landskapsrommet i vågen. Svartorrekka i bakkant av stranda har stor visuell og landskapsestetisk verdi.


Landskapsmessig har Opsangervågen og Sunde fleire fine kvalitetar som det bør takast omsyn til i utvikling av området. Landskapsanalysen syner at vidare utfylling primært bør utførast i indre del av Opsangervågen, innanfor ferjekaien. Her vil næringsområdet ligge mest mogleg skjerma. Vidare bør næringsområdet ligge lågt i terrenget.

Næringsområde opp etter lia over ferjekaien vil vere svært eksponert mot busetnaden på Sunde. Næringsareal i dette området vil medføre skjeringar og vil i liten grad kunne oppfylle eit ønskje om å nytte massar frå Halsnøysambandet.

Kartskissa øvst neste spalte viser kva areal som er avsett til næringsområde i gjeldande kommunedelplan. Eksisterande areal ligg inst i vågen. Nytt areal (skravert) er avsett ovanfor Sunde ferjekai. I tillegg er det vist fylling vest for ferjekaien.


Arealet ovanfor ferjekaien er uheldig fordi det ligg særleg eksponert til og vil gje skjemmaende skjeringar i terrenget. Eit næringsområde her vil vere svært synleg sett frå Sunde-sida av vågen.

Fyllinga vest for kaien tek det meste av stranda. I tillegg er den gitt ei uheldig form i høve til både strandlinja og hovudforma på landskapsrommet. Arealet er på om lag 12 000 m². Fyllingsvolumet er ikkje kjent.




Figur 16: Areal avsett til næringsområde i kommunedelplan for Husnes-området.

Dei to idéskissene på neste side viser alternative areal til næringsområde med same storleik som i gjeldande kommunedelplan. I skissene er næringsområdet konsentrert om indre delar av Opsangervågen, slik at ein ikkje gjer inngrep i det ytre landskapsrommet. Skissene viser alternative areal både på utfylling i sjø, og areal ovanfor dagens riksveg. Det er søkt å ta vare på vågen si hovudform og unngå å komme for høgt i terrenget.



Figur 17: Skisse alternativ utviding av næringsområde konsentrert om indre del av Opsangervågen.




Figur 18: Skisse alternativ utviding av næringsområde konsentrert om indre del av Opsangervågen.

Ureining og geotekniske tilhøve inst i Opsangervågen vil mest sannsynleg hindre og/eller avgrense omfanget av nye fyllingar for utviding av næringsområdet i direkte tilknytning til eksisterande næringsområde. Kvinnherad kommune ønskjer på grunn av ureinings situasjonen å sjå på korleis ei utfylling for næringsområde vest for ferjekaien kan etablerast med best mogleg tilpassing til landskapsrom og terrengformer.

Føringar for formgjeving dersom ein vel å utvide næringsområdet med fylling vest for ferjekaien:

- Det bør takast omsyn til hovudformer i landskapsrom og terreng.
- Det bør takast omsyn til korleis ein møter Sunde når ein kjem med båt, siktlinjer og utsiktspunkt.
- Opsangerneset sin grøne karakter bør takast vare på, næringsområdet bør ikkje leggast for høgt opp i lia.
- Ein bør unngå nye store, eksponerte flater som bryt for mykje med det småkuperte landskapet.
- Fyllingsfronten bør ikkje bestå av ei lang, rett linje.
- Fyllingsfronten bør samstundes framstå som roleg og ikkje for oppbroten
- Fyllingsfronten kan med fordel utformast som eit bygd element med stram og tydeleg kaifront, framfor meir utydelege, organiske former som likevel ikkje vil samsvare med naturlege terrengformer.

Skissene neste side kommenterer ulike sider ved utforming av ei fylling vest for kaien.




Figur 19: Alternativ fyllingsutforming

- Fyllingsareal om lag 12 000 m²
- Fyllingsfronten er stramma noko opp i høve til kommunedelplanen, men har i hovudsak same hovudform
- Fyllinga er avslutta mot stranda om lag på same stad som i kommunedelplanen.



Figur 20: Alternativ fyllingsutforming

- Fyllingsareal om lag 12 000 m²
- Fyllingsfronten er stramma opp med lange rette liner med knekk
- Fyllinga er avslutta noko lengre vest enn i føregående skisse
- Fyllingsfronten verkar noko stiv, men tek i hovudsak vare på hovudforma på landskapsrommet




Figur 21: Alternativ fyllingsutforming

- Fyllingsareal om lag 15 000 m²
- Fyllingsfronten er stramma opp med lange linjer som er brotne midt på
- Fyllinga tek tak i strandlinja like vest for stranda og nyttar heile bukta.
- Fyllingsfronten gjev eit roleg inntrykk som tek vare på hovudlandskapsforma og følgjer terrenget langs stranda

















KJELDER

- Landskapsregioner i Norge – landskapsregioner. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging. NIJOS-rapport 2/98
- Landskapskart over Hordaland, med regional og underregional inndeling, M 1:300 000. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, NIJOS 1998.
- Skildringer av landskapsunderregionar i Hardanger og delar av Sunnhordland. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, NIJOS-rapport 8/2000
- Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13-1999
- Asbjørn Moen: Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk 1998.
- Kommunedelplan for Husnes-området. Kvinnherad kommune 2003

VEDLEGG




TEIKNFORKLARING

	0 - 5 moh		20 - 25 moh		40 - 45 moh		60 - 65 moh
	5 - 10 moh		25 - 30 moh		45 - 50 moh		65 - 70 moh
	10 - 15 moh		30 - 35 moh		50 - 55 moh		70 - 75 moh
	15 - 20 moh		35 - 40 moh		55 - 60 moh		> 75 moh

Oppdragsgiver	Kvinnherad kommune	Utearb.:	GUS
Prosjekt	Opsanger - landskapsanalyse	Kontr.:	GUS
Sak	Høgdelagskart	MMI:	A3 = 1:5000
		Date:	2003-12-09
		Finovr.:	høgdelag.dwg
		Prosj.nr.:	5197
		Rev.:	01

KOMPAS as
 KOMPANISER FOR AREALPLANLEGGING OG SAMFERDSEL
 TELEFON 58 30 00 70 TELEFAX 58 30 00 71



TEIKNFORKLARING

- Markerte kantar
- Siluett
- Mindre kantar
- Hovudretning i landskapet/siktlinje
- Underordna landskapsrom
- Markert strand
- Større flate
- Utisyn

Oppdragslver: Kvinnherad kommune

Prosjekt: Opsanger - landskapsanalyse

Sok: Landskaps- og terrengformer

Uteb.: Tj/Gus

Kont.: Gus

Geakj.: Gus

MA: A3 = 1:5000

Dato: 2003-12-09

Proj.nr.: 5197


Proj.nr.: 02

Proj.nr.: landskapsformer.dwg

Rev.

KOMPAS as
 KOMPANISANTER FOR AREALPLANLEGGING OG SAMFERDSEL
 TORSGALLHENNINGEN 3A
 TELEFON 55 30 08 70 TELEFAX 55 30 08 71


Sinnert, lemmingsvefnafnol Etnas, i ankiuvt til Kommas AS








TEIKNFORKLARING

- Dyrka mark
- Lauvskog
- Barskog
- Skrint, skrapskog
- Hagar/bustadar
- Hogstfelt/ung barskog
- Myrlendt
- Svartorbelte

Oppdragsnavn	Kvinnherad kommune	Uteb.: Tj/GuS	Tj/GuS
Prosjekt	Opsanger - landskapsanalyse	Kont.: GuS	GuS
Sok	Vegetasjonsstruktur	Geokj.: A3 = 1:5000	Måst.: 2003-12-09
KOMPAS AS <small>KORREKTANSER FOR AREALANLEGG OG SAMFERDSEL TORSGALLHEIMEN 3A 5014 BERGEN TELEFON 55 30 08 70 TELEFAX 55 30 08 71</small>		Proj.nr.	5197
		Rev.	03



TEIKNFORKLARING

-  Ubebygd, utfyllt strandsone
-  Ubebygd, naturleg strandsone, fjell
-  Naturleg strand, lausmassar
-  Svartorbelle
-  Visuelt viktig vegetasjon

Oppdragslever: Kvinnherad kommune

Prosjekt: Opsanger - landskapsanalyse

Sok: Landskapselement med særleg visuell verdi

Utøbb.: Tj/Gus

Kont.: Gus

Geak.: Gus

Mål.: A3 = 1:5000

Dato: 2003-12-09

Proj.nr.: 5197


Rev.: 04

naturelement.dwg

KOMPAS as

KOMPANISANSER FOR AREALPLANLEGGING OG SAMFERDSEL
 TORSGALLHEIMEN 3A 5014 BERGEN
 TELEFON 55 30 08 70 TELEFAX 55 30 08 71

Sinnert lemmeskriftinnal finnes i arkivet til Kompass AS



TEIKNFORKLARING

	Bustadområde		Offentleg bygg, skule		Skogsområde/ andre grøne område		Riksveg
	Naustområde		Næring		Dyrka mark		Avkøysle frå riksveg til næringsområde
	Gardstun		Trafikkanlegg/kai				Fylkesveg

Oppdragsnavn	Kvinnherad kommune	Utøbb.:	TJ/GUS
Prosjekt	Opsanger - landskapsanalyse	Kontnr.:	GUS
Sak	Arealbruk	Geokj.:	
		MA.:	A3 = 1:5000
		Dato:	2003-12-09
		Figurnr.:	arealbruk.dwg
		Proj.nr.:	5197
		Rev.:	05

KOMPAS AS
 KOMPETANSESENTER FOR AREALPLANLEGGING OG SAMFERDSEL
 TORSGALLHEIMENNEN 3A 5014 BERGEN
 TELEFON 55 30 08 70 TELEFAX 55 30 08 71

Sinnart: lemmingsforfall. Finnas i arkivet til Kompass AS